

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ulstein vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2025-26

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 4

2.1 Organisasjonen 4

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 5

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 6

3. Læringsmiljø 7

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 7

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 9

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 10

4. Skoleårsresultat 11

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 11

4.2 Karaktersnitt 12

4.3 Fråvær 13

4.4 Elevar som har slutta 14

4.5 Overgangar 15

5. Leiing og profesjonsutvikling 16

1. Rektor har ordet

Ulstein vidaregåande skule hadde skuleåret 2025-2026, 554 elevar på 5 utdanningsprogram samt ei klasse innan grunnleggande norsk for minoritetspråklege. Det sist nemnde er eit overgangstilbod mellom grunnskule og vidaregåande skule der målet er å førebu elevane til vidaregåande opplæring.
Skriftleg eksamensperiodevar også dette skuleåret flytta fram, som eit forsøk på å dempe russefeiringa/avgangsmarkeringa. Vg3-elevane gjennomførte stort sett sine eksamenar i tidsrommet 4-13.mai. Munnleg perioden gjekk som normalt, men skulane var samla i 2 grupper, med faste dagar for eksamen.

Ulstein vgs har også dette året hatt eit nært samarbeid med lokalt næringsliv, særleg innan yrkesfaga. Skulen har elles jobba aktivt for å auke talet på elevar innan yrkesfaga. Det er krevjande å få elevane ut i lære, spesielt innan programområde for ikt og medieproduksjon. Innan sal, service og reiseliv og elektrofag går fleire ut i lære, og det er viktig å både å etablere og ivareta samarbeid med lokalt næringsliv. Elevane lever i eit globalisert samfunn og skulen har tidlegare satsa på deltaking i internasjonale program, ekskursjonar i samband med språkopplæringa og studieturar. Desse reisene vert no gjort i regi av Erasmus+. Skulen er eige konsortium både innan yrkesfag og innan studieførebuande. 12 elevar var i arbeidspraksis våren 26 på Gran Canaria innan reiseliv. Dei hadde 10 arbeidsdagar på hotell, restaurant/kafé eller eigedomsmekling. Dei fekk god fagleg praksis i tillegg til å lære mykje om arbeidslivskulturen i Spania. Innan ikt og medieproduksjon har vi også eit utvekslingsprosjekt med ein skule i Italia, der ti elevar fekk reise til Italia. For dei studieførebuande utdanningsprogramma har skulen delteke i Erasmus + prosjekt saman med skular frå Nederland, Spania og Kroatia. Siktemålet med prosjekta har vore å bygge mellommenneskelege relasjonar på tvers av landegrenser, der kultur og språklæring har hatt særskilt fokus. Elevar og lærar gir tilbakemelding om stort læringsutbytte. På grunn av nødvendige driftsinnskrenkningar, må dessverre reiseaktiviteten ifbm Erasmus+ reduserast noko i åra framover, men skulen ønsker å prioritere Erasmus+ vidare.

Ulstein vgs jobbar for at kvar elev skal få moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring, bli kvalifisert for arbeidsliv og utdanning og vere førebudd til å meistre liva sine. For elevar med særskilde utfordringar jobbar vi saman med grunnskulane i området for å skape gode overgangar mellom ungdomsskule og vidaregåande, slik at elevar og foreldre blir mest mogleg budde på skulestart og skulekvardagen hos oss. Vi har også ein tanke om at det er viktig for eleven å møte på skulen i nokre fag, sjølv om eleven ikkje maktar å delta i alle faga. Vi meiner det er viktig for eleven å ha noko kontakt med skulen, framfor ingen.

Elevane våre trivst godt, både saman med medelevar og lærarar. Dei er bra motiverte og det er eit godt utgangspunkt for læring. Gjennom forventningar til elevane og god oppfølging, både fagleg og sosialt, presterer elevane våre i tråd med målsettinga i oppdragsavtalen med skuleigar.

Ulstein vidaregåande skule har ei samansett elevteneste med både rådgjevarar, PPT og helsesjukepleiarar som gjer at elevane oppfattar at det er eit trygt miljø på skulen. PPT har fast trefftid på skulen ein dag per veke. Siste åra har skulen hatt full helsesjukepleiardekning og vel så det, med både kvinneleg og mannleg helsesjukepleiar. I tillegg hadde vi 50% prosjektstilling innan psykisk helse i skulen, også i kommunal regi. Det har vore gull verdt og all ære til vertskommunen Ulstein kommune som vel å prioritere dette feltet. Kommunepsykologen jobbar også førebyggande og i tett samarbeid med både PPT og skulehelsetenesta.

Jon Arne G. Haram
rektor

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	55,05
Tal på årsverk i leiarstillingar	5
Tal på årsverk andre tilsette	15,07



Skulen si leiing bestod skuleåret 2025-2026 av rektor, assisterande rektor og tre avdelingsleiarar. 3 i leiinga er kvinner, 2 er menn. Frå skuleåret 2026-2027 er skulen styrt utan assisterande rektor med 4 i leiinga på grunn av nødvendig driftsinnkskrenking. Jon Arne G. Haram vart konstituert rektor frå 01.08 etter at Margaret Alme gjekk av med pensjon.

Skulen reduserte også frå 4 til 3 merkantilt tilsette frå 01.mars. 10 fagarbeidarar/ assistentar, 3 innan drift (kantine og bibliotek) og 63 pedagogisk tilsette. Kjønnsfordelinga var 50 kvinner og 29 menn. I tillegg kjem IT med 2, inkludert 1 lærling, og teknisk drift med 2, men desse er tilsette sentralt i fylkeskommunen. Alle menn. Skulen har 5 reinhaldarar, alle kvinner, som også er tilsett sentralt.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektrofag	28	27		55
Idrettsfag	56	54	50	160
IKT og medieproduksjon	12	8		20
Påbygg	28			28
Sal, service og reiseliv	27	28		55
Studiespesialisering	77	73	71	221
Grunnleggande norsk for min.språk	15			15
Total				554

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	17

Ulstein vidaregåande skule har hatt stabile søkjartal over lang tid og stor stabilitet når det gjeld klassetal. Siste åra har vi hatt tilbod både innanfor Jobbsjansen del B/ grunnleggande norsk for min.språklege. Totalt 28 klasser. Behovet for elevplassar til TPO-klassa, elevar med stort tilretteleggingsbehov har vore aukande og kapasiteten ved skulen er sprengd.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	Ulstein vgs 2024-25	Ulstein vgs 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	4,8%	5,0%	11,4%
0 - 25	2,9%	1,5%	2,7%
25 - 30	2,9%	1,5%	4,7%
30 - 35	7,2%	4,5%	11,1%
35 - 40	16,9%	14,0%	16,8%
40 - 45	16,9%	29,5%	22,3%
45 - 50	27,1%	25,0%	17,9%
Over 50	21,3%	19,0%	13,0%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ulstein vgs	44,5	45,1	42,5	43,6	44,0
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Inntakspoenga til skulen har vore høgare enn gjennomsnittet i fylket i lang tid. Vi kan konkludere med at vi har eit godt gjennomsnittleg inntak. Inntaket varierer noko etter søkjartala, stor søknad fører til høgare gjennomsnittleg inntakspoeng.

Vi ser at det ikkje nødvendigvis er ein samanheng mellom høgt snitt i inntaktspoeng og høg andel fullført og bestått. Sjølv om det er høge inntaktspoeng, ser vi endring i elevane sine føresetnader, om ein samanliknar med elevane ti år tilbake i tid. På studiespesialisering vg2 og vg3 og idrettsfag på vg3 er eksamen med på å gjere at fleire ikkje får fullført og bestått etter normert tid, til tross for at inntakspoenga er høge. På enkelte av yrkefaglige retningar er det lågare inntakspoeng, men gjerne høgre gjennomføring.

Det kan vere at vi snakkar om ein form for inflasjon i karaktersettinga. Fagfornyinga og endra vurderingspraksis kan vere ein annan faktor. Tre år utan eksamen hadde truleg ein konsekvens. No er vi meir tilbake til normalen, men vi opplever, utan at vi har noko statistikk på det, at det er endring i negativ retning i forhold til elevane sine føresetnader for å greie vidaregåande opplæring, sjølv om inntakspoenga er marginalt høgre no enn for ti år sidan.

3. Læringsmiljø

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Resultata viser at vi har eit stabilt og godt skulemiljø, men dei peikar også tydeleg på område der skulen sine strategiske satsingar er heilt naudsynte.

Trivsel og støtte: Elevane opplever framleis høg trivsel, der snittet ligg stabilt rundt 4,2 til 4,3 for nesten alle trinn. Elevane rapporterer også om høg grad av støtte frå lærarane. Dette indikerer at tiltaka i handlingsplanen knytt til læringsmiljø, som å bygge gode klassemiljø frå første skuledag gjennom verktøy som VIP-makkerskap, har ein god effekt.

Meistring og motivasjon: Resultata syner ein svak nedgang i opplevd meistring for fleire, spesielt på Vg2 der talet har falle frå 3,9 til 3,7. Også motivasjonen hos elevane ligg jamt over på eit lågare nivå. Denne utviklinga stadfestar at skulen si problemstilling i handlingsplanen, «Korleis styrke elevane til å meistre liva sine?», er eit svært viktig og treffande satsingsområde.

Vurdering og elevmedverknad: Områda «Vurdering for læring» og «Elevdemokrati og medvirkning» gir dei lågaste resultata på tvers av trinna, stort sett mellom 3,1 og 3,5. Desse tala underbyggjer det sterke behovet for handlingsplanen sine tiltak om å arbeide

vidare med vurderingspraksis og elevmedverknad. Det viser at vi må halde fram trykket på dei læringsfremjande prinsippa, spesielt at elevane skal delta aktivt i eiga vurdering og ha reell innverknad i skulekvardagen.

Her viser indikatorscore frå Elevundersøkinga dei siste åra:

	Skulen sitt resultat for Vg1				Skulen sitt resultat for Vg2				Skulen sitt resultat for Vg3			
Kategori	**H22**	**H23**	**H24**	**H25**	**H22**	**H23**	**H24**	**H25**	**H22**	**H23**	**H24**	**H25**
Trivsel	4,4	4,3	4,2	4,2	4,1	4,2	4,3	4,2	4,1	4,1	4,3	4,3
Støtte fra lærer	4,2	4,2	4,1	4,1	4	4,1	4	4	3,9	4	4,2	4,2
Støtte hjemmefra	4,1	3,9	4,1	4	3,9	3,9	3,8	3,9	3,8	3,9	3,8	3,9
Vurdering for læring	3,3	3,3	3,4	3,2	3,3	3,2	3,2	3,2	3,1	3,1	3,1	3,3
Læringskultur	4,2	4,2	4,1	4	4,2	4,1	4,1	3,9	4	4,1	4,3	4,2
Mestring	3,9	3,9	3,8	3,8	3,9	3,9	3,9	3,7	4	3,9	4,1	3,9
Motivasjon	3,7	3,7	3,5	3,5	3,4	3,4	3,4	3,3	3,3	3,2	3,4	3,5
Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,4	3,5	3,4	3,4	3,4	3,2	3,3	3,2	3,2	3,4	3,4
Felles regler	4,3	4,1	4,3	4,1	4,2	4,1	4	4,2	4,2	4,1	4,2	4,2
Utdanning og yrkesveiledning	3,6	3,5	4	3,7	-	-	-	-	-	-	-	-
Faglig utfordring	4,4	4,3	4,3	4,2	4,4	4,5	4,3	4,3	4,5	4,5	4,6	4,5

Når det gjeld mobbing på skulen var dette tala frå 25/26 (samla resultat):

Vg1	Vg2	Vg3
6,4%	2,3%	0,0%

Vi klarer ikkje å bryte ned tala til klassenivå, men resultata på vg1 spesielt og på vg2 gjorde at vi kartla læringsmiljøet gjennom Spekter-undersøking. Det har gitt oss nokre indikasjonar som vi har jobba vidare med.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	5
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	

Elevundersøkinga viser stabilt god trivsel blant elevane våre, men det betyr ikkje at vi ikkje har saker å jobbe med. Opp mot russen/avgangselevane har vi jobba med inkludering og inkluderande russefeiring/avgangsfeiring, og det at alle avgangselevane, enten dei feirar russ eller ikkje, må kunne inkluderast i samlingar og aktivitetar. Skulen har eit godt samarbeid med politiet, Ung Arena Ulstein og skulehelsetenesta i arbeidet rundt dette. På foreldremøta på Vg1 og Vg2 var russefeiring eit tema.

Det førebyggande arbeidet startar på Vg1 med VIP Makkerskap for alle klassene, samt nokre klasser på vg2 og Vg3 der det er stor utskifting av elevar. Vestre Viken sitt VIP Snakk om det (psykisk helse) vert gjennomført for Vg1-elevane i februar/mars i samarbeid med PPT og skulehelsetenesta.

Vidare har vi ein temadag for alle elevane i høve rus. Den vert gjennomført på Sjøborg for våre elevar og for ungdomsskulen i Ulstein, i regi av skulehelsetenesta, kommunepsykologen og politiet. Ung Arena er teknisk arrangør.

Ulstein vidaregåande skule har svært god dekning innan skulehelsetenesta, 2 skulehelsesjukepleiarar og ei prosjektstilling i 50% innan psykisk helse. Det gjer at skulen har tilgang til skulehelsetenesta kvar dag gjennom skuleåret. Det er gull verdt. Vi har brukt Spekter som førebyggande på vg1 og vg2.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	12
Møter i skoleutval	1
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	

Val av tillitselev og vara vart gjort i klassene innan utgangen av september. Leiinga og elevrådskontakta hadde møte med elevrådet med vara, der det vart valt leiar og nestleiar og medlemmar i styret. I tillegg hadde elevrådet besøk av elev- og lærlingeombodet i fylkeskommunen.

Gjennom året har elevrådet hatt møte om lag ein gong per månad og elevrådstyret har hatt møte med leiinga; rektor, ass.rektor og elevrådskontakt, 2-3 gongar per termin. Det har elles vore tett kontakt mellom elevrådsleiar/-nestleiar og elevrådskontakta/leiinga gjennom året. Elevrådet har eigen kanal i skulen sitt fellesteam, det er også laga eigne chat-grupper for elevrådet med vara og for elevrådsstyret. Kommunikasjonslinjene er korte og det er enkelt å nå skulen si elevrådskontakt. Saker har blitt lagt ut i kanalen eller som vedlegg til møteinnkallingar.

Dei fleste elevane ved skulen har gjennomført både Elevundersøkinga og Undervisningsevalueringa, med unntak av nokre mindre grupper. Vi satsar også på tett dialog med avgangselevane våre for å gi råd til korleis dei skal gjennomføre avgangsmarkeringa, samtidig som dei skal få mulegheit til å påverke. Vi har med Ung Arena i Ulstein kommune, helse og politi. Dei fleste er russ, men vi poengterer at alle elevar som er avgangselevar må inkluderast i arrangement som markerer slutten på 13 års skulegong. Gjennom skuleåret gjennomførte vi fleire møter med russestyret.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	92,2%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	100%	100%		100%
Idrettsfag	100%	98,1%	82,0%	93,8%
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	91,7%	75,0%		85,0%
Påbygg			82,1%	82,1%
Sal, service og reiseliv	96,3%	92,9%		94,5%
Studiespesialisering	96,1%	83,6%	91,5%	90,5%
Total	97,5%	91,1%	86,6%	92,2%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ulstein vgs	93,2%	91,5%	91,3%	91,0%	92,2%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har framleis relativt gode gjennomføringstal. Etter nokre år med fallande tal er gjennomføringsprosenten aukande igjen. Fullført og bestått-tala er betre enn målsettinga på 90% (oppdragsavtalen med skuleeigar).

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektro og datateknologi	4,28
Idrettsfag	4,18
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	3,38
Påbygg	3,57
Sal, service og reiseliv	4,49
Studiespesialisering	4,21

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ulstein vgs	4,25	4,17	4,15	4,14	4,17
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har stort sett middels til høge inntakspoeng, og ser at karaktersnittet har auka marginalt dette skuleåret.

Skulen la om timeplanen for nokre år sidan, frå 45 min økter til lengre økter og færre fag per dag. Dette skulle gje større ro i læringsarbeidet og vere ei organisering som i større grad var tilpassa det nye læreplanverket, med utforskande opplæring og djupnelæring. Vi foretok ei evaluering av timeplanorganiseringa med bakgrunn i at læringsresultata ikkje var tilfredstilande nok. Vi vedtok våren 26 å endre på timeplanorganiseringa til hausten 26. I stadenfor 3 timars økter i faga går ein for ein mellomvariant med fagøkter på 1,5-2 klokketimar, med nokre unntak.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	5,8	34,7	6,8%
Vg1	4,2	28,1	5,3%
Vg2	7,1	36,6	7,6%
Vg3	6,1	41,4	7,8%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ulstein vgs	2,7%	6,6%	6,6%	8,1%	6,8%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som skule ser vi at eit regelverk slik som fråværsgrensa må vere gjeldande, om ikkje aukar fråværet. Elevane treng eit regelverk å forhalde seg til. Før pandemien såg vi ei klar forbetring i fråværet etter innføring av 10%-grensa. Siste åra har likevel fråværet vore høgare enn ønskjeleg, 24/25 steig det til over 8%, for 25/26 er det litt redusert, men 6,8% er framleis for høgt. Innstramminga frå hausten 25 i forhold til at elevne ikkje lenger kunne dokumentere ned fråværet sitt i forhold til 10%-regelen, har nok gjort sitt i forhold til å få ned totalfråværet. Høgt elevfråvær er urovekkjande og vi må jobbe ut mot elevane for å få det ned. Vi har fokus på nærvær, og vi er raskt ute med å følgje opp elevfråværet.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
0,6%	3

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ulstein vgs	1,4%	2,1%	1,5%	1,7%	0,6%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

4.5 Overgangar

At overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule vert opplevd som trygg og god, er viktig. Elevar med særskilte behov eller behov for tilrettelegging får tilbod om å møte skulen i løpet av 10.klasse, gjerne over så lang tid som 1/2 år eller meir. Vi kallar også inn elev og foreldre til planleggingsmøte, der vi skisserer kva tilbod vi kan gje. Skulen legg vekt på tilrettelegging ut frå eleven sine behov.

Når elevar med særskilte behov nærmar seg ferdig vidaregåande opplæring er det viktig at vi startar planlegginga av det som skal skje i etterkant i god tid. Dette krev gjerne samarbeid med fleire instansar, bl.a. kommunen eleven bur i, eleven si ansvarsgruppe, NAV og/eller bedrifter.

Når det gjeld overgangen frå vidaregåande opplæring til høgskule og universitet, så er det ingen særskilte tiltak, bortsett frå utdannings- og yrkesrådgjeving gjennom mange og ulike kanalar. Overgangen frå Vg2 YF til læreplass kan vere krevjande med tanke på å finne læreplass. I ein marknad der næringslivet varierer, kan det vere utfordrande å kunne hjelpe alle elevane. Her er nettverk mellom skulen og næringslivet viktig. Ressurs til formidling frå Opplæring i bedrift er delt på to rådgjevarar. Avdelingsleiar for YF har også eit ansvar inn mot dette arbeidet.

Innan service og samferdsel har tal på læreplassar i området auka noko, men mange vel likevel påbygg. Innan IKT ønsker dei fleste ut i lære, men det har vore utfordrande å få formidla elevane. Innan elektro har skulen eit godt nettverk med aktuelle lærebedrifter og dei fleste elevane som ønskjer læreplass, får det. For dei yrkesfaglege elevane er praksis i YFF-faget ein viktig arena for å «vise seg fram» for ev. framtidige arbeidsgjevarar. Gjennom Erasmus+ har vi fått til 14 dagar med yrkespraksis i utlandet for ca. 12 elevar per år på sal, servise og reiseliv.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Skulen drøftar pedagogisk praksis, på tvers av leiing og lærarkollegium, for å styrke det profesjonsfaglege fellesskapet. Dette vert gjort i fellesmøta for pedagogisk personale og leiinga. Fellesmøta kan vere organisert som plenumsmøte, eller som arbeid i tverrfaglege eller faglege grupper.

Skulen har arenaer for felles refleksjon og læring der lærarane samarbeider om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa. Både lærarane og leiinga drøftar korleis skulen sin kommunikasjon og arbeidsmåtar kan utviklast. Skulen har eit system for arbeid i faggrupper, både for trinnet og på tvers av trinn.

Leiardialogen skal fremme skuleutvikling og godt samarbeid, både mellom kompetansesjefen og den enkelte skule, samt på tvers av skulane. Skulen v/leiinga opplever leiardialogen som positiv. Den gir ei nærheit til skuleeigar for heile leiinga og vi opplever at krav og forventningar til kvarandre vert tydeleggjorde.

For å vurdere tilsette si oppleving av eigen arbeidskvardag legg ein til grunn medarbeidarundersøkingar. Skulen gjennomførte MTM og Undervisningsevaluering. Resultata her vert tatt opp etter dei retningslinjene som gjeld. Medarbeidarsamtalar skal gjennomførast med den einskilde kvart år, så sant det praktisk let seg gjere.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no